



Steinar Atle Brakstad
Isdalstøbakken 52
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3886 - 23/55795

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
10.07.2023

Det er framleis manglar ved søknaden - gbnr 309/111 Hjerfås

Tiltak: Carport
Byggjestad: Gbnr: 309/111
Tiltakshavar: Steinar Atle Brakstad

Kommunen viser til søknad om oppføring av carport mottatt 11.05.2023, vårt brev om manglar i saka datert 30.05.2023 og tilleggsdokumentasjon mottatt 20.06.2023.

Søknaden har framleis manglar. Dette gjeld følgjande forhold:

1. Tiltaket er ikkje i samsvar med utnyttingsgrada i kommunedelplanen for Meland og krev at det vert søkt om dispensasjon.
Dersom vi legg til grunn opplysningar frå søknaden om oppføring av rekkehusa, er bygd areal oppgitt til 258 m² for sjølve bygget og areal til parkering med 6 parkeringsplassar på 12,5 m². Dette gjev ei eit bygd areal på 32,3%. Av matrikkelen går det fram at bygget har eit bruksareal på 480 m². I tillegg kjem parkeringsareal. Vi har lagt til grunn at etablerte terrassar ikkje inngår i utnyttingsgrada. Etablering av carport vil medføra ytterlegare auka av utnyttingsgrad, sjå vårt skriv datert 30.05.2023.

Søknad om dispensasjon må grunngis. Det må gjerast greie for at eigedomen har tilstrekkeleg parkeringsareal og uteopphaldsareal for 3 bueiningar. Parkeringsareal skal visast på situasjonsplanen.

2. Avstandserklæringa frå gbnr 309/114 er berre signert av ein av eigarane. Signatur frå begge eigarane må liggja føre. Samtykke på nabovarselet er ikkje tilstrekkeleg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **30.08.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Steinar Atle Brakstad

Isdalstøbakken 52

5916

ISDALSTØ